

## **Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 14.03.2019**

**Monrad Reigstad (PF)** løfta opp temaet eigenandel for fotpleie for eldre. Mange eldre, og då særskild diabetikarar, treng av helsemessige orsaker regelmessig fotpleie. Prisane for slik fotpleie er for høge og burde vere omfatta av ei eigenandelsordning. Fylkeseldrerådet vil følge opp dette innspelet i neste møte.

### **Orienteringar**

**Ingrid Holm Svendsen**, konstituert fylkesrådmann, og **Arild Sondre Sekse**, seniorrådgjevar, orienterte om identitetsprosjektet, som søker å utarbeide felles verdiar og ein felles identitet for nye Vestland fylkeskommune. **Rune Haugsdal**, prosjektleiar for regionreforma, orienterte vidare om prosessen og status for fylkessamanslåinga.

**Odd Himle (SN-H)** refererte frå møtet i koordineringsgruppa Leve hele livet som gjekk føre seg i Førde 21.02.19. Etter tilråding i møtet i Førde vil Odd Himle stille til kommunale møte i Hordaland i samband med prosjektet 12., 13., og 14. juni.

**Monrad Reigstad (PF)** refererte frå dialogmøtet om viktige vegval for Vestland fylke som gjekk føre seg på Amalie Skram vgs. 04.02.19.